

Norway Cup-innsats var årsak til veldressa trenar.

23.08.2016



Trenar Tor Gundersen

Mange har nok fått med seg at J14 laget sin humørfylte og dyktige trenar stilte i dress på første heimekampen i 1.divisjon for laget i Rosendal sist helg. No har eg fått vita at det er dei flinke fotballspelande jentene som skal ha æra for at Tor Gundersen stilte så veldressa til kamp. Årsaka ligg nemeleg i den fantastiske Norway Cup-innsatsen dei gjorde.

Tor Gundersen har som kjent ein viss Bergensbakgrunn, men historien viser at han føl opp når han talar i store ord. Før Norway Cup då han såg jentene var komne i gruppe med stort sett 1.divisjonslag, lova han jentene at han skulle stilla i dress første heimekampen i haust dersom jentene gjekk gjennom gruppespelet med berre sigrar og utan poengtap.

Vi kjenner alle til den flotte innsatsen til J14. Trenaren heldt ord og stilte opp finpynta i dress. Ei anna historie er det at jentene spela så godt at Tor Gundersen mista stemma til siste kampen i Norway Cup. Den er heldigvis tilbake i fullt mon no!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: RT